



Aurland, 01.11.2016

Olje og Energiminister Tord Lien  
Akersgata 59  
Postboks 8148 DEP  
0033 OSLO

Vår ref.  
2016000244-12

Dykker ref.

Sakshandsamar  
Norvalv Distad, 95984638

Arkiv  
K2 - K54, K2 - S05

## **Oppmoding om samtykke til konsesjonshandsaming av flaumdempende tiltak for vern av liv og helse i Flåm i Aurland kommune**

Flåm i Aurland kommune er eit område med busetnad, stor næringsaktivitet, spektakulær natur og store verneverdiar.

Flåm er utsett for flaum med stort skadepotensial. Flaumhendingar betyr stor fare for liv og helse, for infrastruktur og næringsliv og for vassdraget med dei verneverdiar som ligg i og rundt dette.

Den 28. oktober 2014 var det ein skadeflaum i Flåm. Flaumen gjorde skade på bygningar, infrastruktur, jordbruksareal og vassdrag. 13 bustadhus vart totalskada. I etterkant er det gjennomført eit omfattande reparasjons- og sikringsarbeid.

Store delar av Flåm måtte evakuerast under dramatiske omstende. Ein unngikk til alt hell skade på liv og helse i hendinga, men den dramatiske hendinga syner kva skadepotensial som ligg i slike flaumar med intens auke i vassføringa og stor erosjonskraft.

I lys av klimautviklinga, med hyppigare og meir intense nedbørsituasjonar, er det sannsynleg at Flåm vil oppleve store skadeflaumar både oftare og kraftigare enn tidlegare. Aurland kommune har difor i fleire år arbeidd med å identifisera tiltak som kan sikra mot slike hendingar. Føremålet med dette arbeidet har vore og er å sikra liv og helse, busetnad, infrastruktur, næringsliv og verneverdiane i Flåmsdalen.

Som lekk i dette arbeidet har Aurland kommune engasjert Multiconsult AS, for å vurdera fare for skadeflaum og tiltak som kan hindra eller redusera flaumskade. Multiconsult AS sin rapport til kommunen låg føre den 24. oktober 2016. Rapporten syner behovet for tiltak for å sikra Flåmsvassdraget gitt noverande situasjon, inklusive dei sikringstiltak som er gjennomført etter skadeflaumen i 2014. Vidare gjer rapporten greie for tiltak som vil redusera flaumrisikoen og ivareta verneverdiane i vassdraget.

Multiconsult AS sin rapport presenterer sikringstiltak som vil ha flaumdempande effekt. For å koma vidare i arbeidet med å finna dei optimale kombinasjonane av flaumdempande tiltak og gjennomføra ei kost/nytte vurdering, er det naudsynt å utarbeida både konsekvensutgreiingar, høyningsrundar og grundig konsesjonshandsaming. Det er mange interesser som kan bli påverka av ulike former for sikringstiltak, og det er heilt avgjerande at desse interessene blir høyrde på ein grundig måte. Det er berre etter ei slik handsaming det er grunnlag for å ta avgjerd om korleis vassdraget og Flåm kan sikrast best mogleg.

Dei aktuelle tiltaka er konsesjonspliktige etter vassdragslovgjevinga. Ettersom tiltaka vil ha betyding for vassdrag som er omfatta av Verneplan III, ber Aurland kommune om at Olje- og energidepartementet innstiller på at det vert opna for samtykke til konsesjonshandsaming av aktuelle tiltak i Flåmsvassdraget. Ein slik konsesjonshandsaming vil leggja til rette for ei forsvarleg vurdering av sikringstiltak med føremål å tryggja liv og helse i lys av dei fordelar og ulemper som knyter seg til desse.

Med helsing

Noralf Distad  
Ordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

3 Vedlegg